



Hardangerrådet iks



Domstoladministrasjonen  
Dronningensgate 2  
7011 Trondheim  
[postmottak@domstoladministrasjonen.no](mailto:postmottak@domstoladministrasjonen.no)

## **Høyringsuttale til «Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar»**

Me viser til brev frå Domstolsadministrasjonen datert 18.09.2015 om vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar.

Hardangerrådet er regionråd for kommunane Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Jondal og Odda. Hardanger tingrett er den distriktsnære domstol som dekkjer alle kommunane i Hardangersamarbeidet.

For eit distrikt som Hardanger er det avgjerande å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar regionalt, for å sikra vekst og utvikling av lokalsamfunna. Hardanger tingrett er sin slik institusjon som bind regionen saman og sikrar god tilgang til dei tenester som tingretten yter.

Ei nedlegging av Hardanger tingrett vil bety flytting av alle desse funksjonane til Bergen. Dette vil medføra ei heilt uakseptabel reisetid og ikkje minst kostnader for våre innbyggjarar og næringsliv i Hardangerregionen. Nedlegging av Hardanger tingrett vil også virke negativt inn på utføringa av andre statlege oppgåver som til dømes politiet. Det er her viktig å påpeike at Hardanger lensmannsdistrikt har to politijuristar med arbeidsstad Odda; det einaste lensmannskontoret i Hordaland utanfor Bergen som har såkalla framskutt påtale. Ein vidare konsekvens av nedlegging vil vere ei klar svekking av eksistensgrunnlaget for dei juridisk utøvande aktørane i Hardanger, noko som inneber at det rettssøkande publikum i Hardanger vil få dårlegare tilgang til juridisk hjelp og rettleiing. At Domstolsadministrasjonen på denne måten gjer det vanskeligare og dyrare for innbyggjarane i Hardanger å søke juridisk bistand er ikkje akseptabelt.

For Hordaland fylke er det heilt naturleg – og samfunnmessig fornuftig - at Hardanger tingrett vert oppretthalden og dekkjer Hardangerkommunane slik den gjer i dag. For å styrkja Hardanger tingrett vil det vera naturleg å vurdere om deler av tilstøytande rettskrinsar kan verta tilknytta Hardanger tingrett i ein ny modell. Hordaland fylke er arealmessig av ein storleik som gjer det naudsynt å oppretthalda ein eigen tingrett for dei indre delane av fylket.

I tillegg meiner me dei kulturhistoriske argument for å bevare Hardanger tingrett på Lofthus bør vega svært tungt, og me stiller oss bak argumenta som kjem frå Riksantikvaren.

Hardangerrådet vil på det sterkaste be om at Domstolsadministrasjonen i si vurdering legg til grunn at Hardanger tingrett vert oppretthalden.

Vi ber om at denne uttale vert vidaresendt til medlemmene i styret for Domstoladministrasjonen.

Kinsarvik 06.11.2015

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt